

Tabell 2-k

Innbyggjartilskot til kommunane 2025 (kap. 571, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve med ei særskild fordeling er trekte ut). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane gjennom utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR).

Inntektsutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte, fordi ho blir rekna ut etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 i 2025 for kvar einskild kommune vil derfor ikkje vere klar før i februar 2026. Utgiftsutjamninga, inntektsutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Det blir kvart år gjort korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, nye oppgåver, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2025 er viste i innleiringsteksten og er omtalt nærmere i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. juli 2024. Skatteutjamninga blir berekna ut ifrå innbyggjartalet per 1. januar 2025.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyinga på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med ei særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyinga på kap. 571, post 60 er 181 234,2 mill. kroner. I 2025 blir totalt 5 893,0 mill. kroner gjeve med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskot før omfordeling i 2025 er 175 341,2 mill. kroner.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (per 1. juli 2024) til alle kommunane. For 2025 er innbyggjartilskotet før omfordeling 31 470 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærmere i tabell A-k.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av saker med ei særskild fordeling i 2025, i alt 5,89 mrd. kroner. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærmere i tabell C-k.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser fordelinga av samla løying på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2025, før utrekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2025, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansieringa av ordninga. Utrekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 571, post 60 Innbyggjartilskotet i 2025, i alt 181 234,2 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med ei særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er også vist i tabell 1-k, kolonne 1.